



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 03.03.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 14:00

Informasjon om betalingsterminal på legekantoret

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Terje Myrvang		Utvalsleiar
Björg Nordland		Medlem
Ragnar Hope		Medlem
Karstein Totland, ordførar	H	Medlem
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådgjevar Helga Irene Ellingsen førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2015	Godkjenning av møtebok
003/2015	Evaluering av tiltak med utlevering av strøsand til eldre
004/2015	Fråsegn til reguleringsplan for sentrumsområdet på Hosteland
1	Referatsak
2	Tilbakemelding på leige av helselagsstova på Hosteland
005/2015	Gangfelt ved krysset mellom Nordbygda skule og Masfjorden sjukeheim

001/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

03.03.2015 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak var samrøystes vedteke

ER - 001/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

03.03.2015 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

ER - 002/2015 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

003/2015: Evaluering av tiltak med utlevering av strøsand til eldre

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

03.03.2015 ELDRERÅDET

Tilbakemeldingane eldrerådet har fått på denne ordninga er positive. Eldrerådet ynskjer at kommunen fortsetter med utlevering av strøsand.

Årsak til mindre bruk kan vere lite is på vinteren.

ER - 003/2015 VEDTAK:

Tiltak med utlevering av strøsand blir vidareført.

004/2015: Fråsegn til reguleringsplan for sentrumsområdet på Hosteland

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen legg saka fram til drøfting i eldrerådet.

03.03.2015 ELDRERÅDET

Ordfører informerte om planarbeidet.

ER - 004/2015 VEDTAK:

Innspel

Busstopp blir lagt til rette med overbygg/ tak.

Det må leggjast til rette parkering med tilviste plassar for handikap parkering.

1: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

03.03.2015 ELDRERÅDET

Masfjorden legekantor har fått betalingsterminal. Rådgjevar orienterte om denne. Dette er ein betalingsterminal som kommunen leiger, det er dei som eig terminalen som sender ut faktura viss ein ikkje kan betale med kort.

Eldrerådet har fått tilbakemelding på at dei som ikkje har kort, og vil betale kontant får faktura med gebyr. Ulike løysningar vart diskutert, men sidan kommunen leiger denne løysninga kan ikkje kommunen gjere noko med gebyr på faktura. Ei løysning kan vere at ein brukar verdikort til slik terminalbetaling.

ER - 1 VEDTAK:

Saka vert tatt til orientering

2: Tilbakemelding på leige av helselagsstova på Hosteland

Rådmannen sitt framlegg:

03.03.2015 ELDRERÅDET

Leiar i eldrerådet har fått tilbakemelding frå pensjonslaget i Nordbygda angående helselagsstova. Pensjonistlaget har reagert på at kommunen ville bruke helselagsstova til kontorlokale. Helselagsstova er eit viktig samlingslokale for pensjonistlaget, og lokalet er lagt til rette med teleslynge. Viss lokalet blir brukt til kontor vil dette medføre ei ombygging av lokalet som ikkje kan kombinerast med pensjonistlaget sin bruk.

Rådgjevar orienterte om bakgrunn for at kommunen ynskte å leige helselagsstova. Etter tilbakemeldingar frå helselag så har kommunen organisert behovet for kontorlokale på andre måtar. Ordførar orienterte om fakta i høve bygging av helselagsstova. Plan med helselagsstova var at dette skulle vere bebruarane sitt fellesareal.

Det er ynskje frå alle partar at helselagsstova blir brukt meir.

ER - 2 VEDTAK:

Saka vert tatt til orientering

005/2015: Gangfelt ved krysset mellom Nordbygda skule og Masfjorden sjukeheim

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

03.03.2015 ELDRERÅDET

Saka vart drøfta.

ER - 005/2015 VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Eldrerådet ber kommunen ta kontakt med Statens vegvesen for å få vurdert ei opning i autovern, slik at ein kjem rett inn på gang og sykkelveg, når ein kryssar hovudvegen.

Rett utskrift av møteprotokoll frå eldrerådet den 03.03.15 vert vitna:

Terje Myrvang
Leiar

Helga Irene Ellingsen
rådgjevar